



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund sjukeheim
Dato:	19.06.2008
Tid:	15:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

Orientering om økonomi v/revisjonen

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 08/31	Underskrift	
PS 08/32	Godkjenning av protokoll Open post	
PS 08/33	Låneopptak vidareutlånsmidlar	2008/311
PS 08/34	Plan for kompetanseutvikling i Midsund skuleåret 2008/2009	2008/312
PS 08/35	Godkjenning av samarbeidsavtale mellom NAV og Midsund kommune	2007/749
PS 08/36	Gebyrregulativ, 2. gangs behandling, for vatn og avløp 2008	2007/655
PS 08/37	Gebyr for feieteneste 2008 - andre gongs behandling	2007/641
PS 08/38	Gebyr for renovasjon og slamtømming 2008 - andre gongs behandling	2007/640
PS 08/39	Revidering av konsesjonsvilkår for video - Midsund kommune.	2008/349
PS 08/40	Biblioteklokale	2007/756
PS 08/41	Tilsetjing av rådmann (ettersendast)	2008/358

Midsund, 13.06.08

Helge Orten
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 08/31 Underskrift

PS 08/32 Godkjenning av protokoll



Midsund kommune
Økonomikontoret

Arkivsak: 2008/311-2
Arkiv: 251
Saksbeh: Ann Kristin Høgset
Dato: 26.05.2008

Saksframlegg

Låneopptak vidareutlånsmidlar

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/35	Formannskapet	10.06.2008
08/33	Kommunestyret	19.06.2008

Forslag til vedtak:

Midsund kommune tek opp lån til vidare utlån (startlån) på kroner 1 million i Husbanken.

Behandling i Formannskapet - 10.06.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 10.06.2008

Midsund kommune tek opp lån til vidare utlån (startlån) på kroner 1 million i Husbanken.

Saksutgreiing:

Midsund kommune har sendt søknad til Husbanken om kroner 1 million i startlån. Dette er midlar som skal nyttast til vidare utlån.

Midsund kommune har også tidlegare tatt opp lån til vidare utlån. I alt har kommunen teke opp 3 millionar kroner i slike lån. Av dette er kr. 2.300.000 lånt ut vidare. Det vart i 2007 betalt eit ekstraordinært avdrag til Husbanken pga innfrielse av lån på kr. 750.000. Dermed har ikkje kommunen meir att å låne ut.

Sett i lys av den negative folketalsutviklinga vurderer rådmannen det som viktig at kommunen på denne måten kan vere med å yte rimelig toppfinansiering til dei som ynskjer å busette seg i kommunen. Rådmannen vil difor rå til at Midsund kommune nyttar seg av tilbodet om å ta opp nytt vidareformidlingslån.

Gunnar Kvalsund
rådmann

Ann Kristin Høgset
økonomikonsulent

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Midsund skule

Arkivsak: 2008/312-1
Arkiv: 430
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 26.05.2008

Saksframlegg

Plan for kompetanseutvikling i Midsund skuleåret 2008/2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/36	Formannskapet	10.06.2008
08/34	Kommunestyret	19.06.2008

Forslag til vedtak:

Ein godkjenner vedlagte kompetanseplan for skulane i Midsund for skuleåret 2008/2009.

Behandling i Formannskapet - 10.06.2008

Ann Heidi P. Orvik (AP) ønskjer ei generell orientering i kommunestyret om skulen si verksemd.

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 10.06.2008

Ein godkjenner vedlagte kompetanseplan for skulane i Midsund for skuleåret 2008/2009.

Saksutgreiing:

Formannskapet godkjente i møte 20.09.05 "Plan for kompetanseutvikling 2005 – 2008 for Midsund kommune". Seinare har denne planen blitt rullert; I sak 06/002 godkjende

Oppvekstutvalet planen for skuleåret 2006/2007. F. Sak/K.sak 07/30 godkjende planen for 2007-2008.

Forslaget som no ligg føre er bygd opp kring dei tidlegare vedtatte planane.

Naturfag og framandspråk er prioritert satsingsområde frå sentralt hald. To lærarar skal gjennomføre eksamen i spansk no i vår. Dei gjer rekning med å fortsetje eitt år til. I naturfag avsluttar ein lærar det opplegget i år. To lærarar har tatt 30 studiepoeng i spesialundervisning dette året. Ein rektor har avslutta leiaropplæring (15 stp). Fem lærarar har gjennomgått kompetansehevinge kurs om ADHD.

I tillegg til vidareutdanning i spansk og naturfag søker ein om å få kompetanseheving gjennom etterutdanning/kurs basert på rapporterte behov frå skulane. Utdanningsforbundet har fått informasjon om planen.

Frå 01.08.08 er Midøy skule nedlagt og ein har fått slike ønskjer frå Raknes skule:

Fag	Type kurs	Antall lærarar
KRL	Meir kunnskap om dei andre religionane	
Norsk	For 1. – 4. klasse Lese og skriveopplæring	
Matematikk	For 1. – 4. klasse	
Naturfag	Vidareutdanning	
Uteskule	Kurs/etterutdanning	
Metodikk/stasjonsundervisning	Kurs/etterutdanning	

Midsund skule:

Fag	Type kurs	Antall lærarar
Spansk	Vidareutdanning	
Norsk	Generell oppdatering i faget	
Norsk	For minoritetsspråklege	
Tilpassa opplæring	Opplæringsstrategiar	

Gunnar Kvalsund
rådmann

Ketil Ugelvik
einingsleiar Midsund skule

Vedlegg (prenta): Skjema - Plan kompetansetiltak

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Midsund skule

Raknes skule
Møre og Romsdal fylke, Utdanningsavdelinga



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2007/749-2

Arkiv:

Saksbeh: Gunnar Kvalsund

Dato: 04.06.2008

Saksframlegg

Godkjenning av samarbeidsavtale mellom NAV og Midsund kommune

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/37	Formannskapet	10.06.2008
08/35	Kommunestyret	19.06.2008

Forslag til vedtak:

Samarbeidsavtalene mellom NAV og Midsund kommune blir godkjent for signering.

Behandling i Formannskapet - 10.06.2008

Ann Heidi P. Orvik (AP) viser til pkt. 9 og ønsker meir konkrete samhandlingsrutiner.

Det vart fremma følgjande korrigering i Lokal samarbeidsavtale Midsund kommune og Arbeids- og velferdsetaten i Møre og Romsdal:

Pkt. 12 Kompetanseutvikling, andre avsnitt skal endrast til:

Det er viktig at alle ansatte har ein god arbeids- og velferdsfagleg kompetanse og at kontoret har nødvendig sosialfagleg kompetanse.

Forslag til vedtak med endringa i pkt. 12 i samarbeidsavtalen vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 10.06.2008

Samarbeidsavtalene mellom NAV og Midsund kommune blir godkjent for signering.

Saksutgreiing:

Ein viser til tidlegare orientering om arbeidet for ei etablering av NAV Midsund, der kommunen sitt sosialarbeide vert lagt inn i NAV-kontoret. Styringsgruppe og arbeidsgruppe har no gjennomført sitt arbeide i forprosjektet og lokalitetane er i ferd med å verte ferdigstilte. Det er planlagt åpning av kontoret i september.

Det er utarbeida ei samarbeidsavtale som regulerer samarbeidet mellom NAV og Midsund kommune – sjå vedlegg.

Det er også utarbeida ei driftsavtale mellom NAV og kommunen, som regulerer forvaltning og drift av kontoret - sjå vedlegg.

I følge avtalane skal Midsund kommune overflytte dei fleste arbeidsoppgåvene frå sosialtjenesten til NAV-kontoret og samtidig skal sosialleiar også flytte kontor frå sjukeheimen til NAV-kontoret.

I henhold til driftsavtalen skal kostnadene ved drift av kontoret fordelast i henhold til tilsette frå kommunen og tilsette fra det statlege NAV. For Midsund kommune innebærer dette at kommunen må være med å dekke driftskostnadane for kontorleiar, husleie og vask, samt andre driftskostnader og i følge fordelingsnøkkel blir dette slik at Midsund kommune må dekke 28,6% av ovanfor nemnte driftskostnader.

Pr dato er det ennå ikke utarbeidet noe driftsbudsjett for NAV Midsund, slik at ikkje kjenner eksakte meirkostnadene for kommunen for resten av 2008 og vidare. I en motregning for kommunen frigjort kostnadane ved kontor plass og drift ved sjukeheimen, uten at disse direkte kan senke driftskostnadene ved sjukeheimen/kontor lokalitetar.

I og med at dette er ein reform som blir pålagt kommunen å gjennomføre og malen for drift av kontoret i stor grad er basert på drift av andre NAV-kontor, har ein likevel gjennomført eit godt utredningsarbeide og fått frem samarbeidsavtaler som skal ivareta samarbeidet på ein god måte. Det er likeså lagt inn evaluering av samarbeidet underveis, slik at ein basert på erfaring frå ordinær drift, kan endre på rutiner og oppgaver som ein ser vil fungere betre ved anna gjennomføring.

Basert på fremlagte samarbeidsavtaler vil rådmannen innstille på at samarbeidsavtalene mellom NAV og Midsund kommune blir godkjent for signering.

Gunnar Kvalsund
rådmann

Vedlegg (prenta): Lokal samarbeidsavtale Midsund kommune og Arbeids-og velferdsetaten
i Møre og Romsdal
Avtale om droft og forvaltning av eige dom mellom Midsund kommune og

NAV Møre og Romsdal

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2007/655-5
Arkiv: 231
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 30.05.2008

Saksframlegg

Gebyrregulativ, 2. gangs behandling, for vatn og avløp 2008

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/12	Eldrerådet	09.06.2008
08/38	Formannskapet	10.06.2008
08/36	Kommunestyret	19.06.2008

Forslag til vedtak:

Kommunestyrevedtaket av 13.12.2007 K – sak 07/116 vert oppheva.

Nytt vedtak blir:

Med heimel i "Lov av 31.mai 1974 nr. 17 om kommunale vass – og kloakkavgifter og Kap. 11 i Forskrift om begrensing av forurensing (forurensingsforskriften) fastsatt 01.06.2004 og Forskrift om vass – og avløpsgebyr i Midsund kommune" blir gebyrregulativ for vatn og avløp 2008 (datert 02.06.08) vedteke slik det ligg føre.

Behandling i Eldrerådet - 09.06.2008

Eldrerådet gjekk gjennom saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Eldrerådet - 09.06.2008

Kommunestyrevedtaket av 13.12.2007 K – sak 07/116 vert oppheva.

Nytt vedtak blir:

Med heimel i "Lov av 31.mai 1974 nr. 17 om kommunale vass – og kloakkavgifter og Kap. 11 i Forskrift om begrensing av forurensing (forurensingsforskriften) fastsatt 01.06.2004 og Forskrift om vass – og avløpsgebyr i Midsund kommune" blir gebyrregulativ for vatn og avløp 2008 (datert 02.06.08) vedteke slik det ligg føre.

Behandling i Formannskapet - 10.06.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 10.06.2008

Kommunestyrevedtaket av 13.12.2007 K – sak 07/116 vert oppheva.

Nytt vedtak blir:

Med heimel i "Lov av 31.mai 1974 nr. 17 om kommunale vass – og kloakkavgifter og Kap. 11 i Forskrift om begrensing av forurensing (forurensingsforskriften) fastsatt 01.06.2004 og Forskrift om vass – og avløpsgebyr i Midsund kommune" blir gebyrregulativ for vatn og avløp 2008 (datert 02.06.08) vedteke slik det ligg føre.

Saksutgreiing:

Viser til K sak 07/116 av 13.12.07

Under behandlinga av gebyra for vatn og avløp for 2008 laga underteikna eit framlegg til Gebyrsatsar så nøktern som mogeleg.

Når rekneskapen for 2007 var ferdig viser det seg at overskotet blei mykje større enn vurdert i oktober 2007, når Gebyrsatsane for 2008 vart laga.

	AVSETNING TIL BUNDNE FOND				
Tekst/år	2004	2005	2006	2007	Sum pr. 31.12.08
Vatn	144 266	273 807	322 762	137 156	877 991
Avløp	193 647	389 002	196 940	348 523	1 128 112

Vurdering:

I 2007 for året 2008 skulle Teknisk lage eit sjølvkostrekneskap for å finne ut om vi tok med alle og riktige utgifter.

Pga. skifte i forskjellige stillingar blei ikkje det gjort.

Teknisk skal samarbeide med økonomi og revisorane for å gå igjennom og lage eit slikt rekneskap.

Målet no er å få det ferdig til ein skal behandle Gebyret for 2009.

For å begynne å få ned fonda tek vi ein sum :

Fondet til vatn skal reduserast med kr. 500.000 i 2008.

Fondet til avløp skal reduserast med kr. 700.000 i 2008.

For å få dette til må vi sette ned gebyra i 2008.

Reduksjonen i forhold til Gebyrvedtaket i desember 2008

Vatn:

Auka bruk av fond : frå 289.000 til 500.000 er ei auke på kr 211.000.

Dette gjev ein pris på 4 kr/m³, som er ein reduksjon på 3,36 kr/m³

Abonnementsprisen blir uendra.

Avløp:

Auka bruk av fond : frå 384.000 til 700.000 er ei auke på kr. 316.000.

Dette gjev ein pris på 5,50 kr/m³, som er ein reduksjon på 5,70 kr/m³

Abonnementsprisen blir uendra.

Sjå vedlagt Gebyrregulativ.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

VA har eige rekneskap.

Gunnar Kvalsund
rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): K sak 07/116 av 13.12.07. Gebyrregulativ forslag av 02.06.08,
Budsjett 2008 VA

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Teknisk



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2007/641-4
Arkiv: 231
Saksbeh: Oddny Grete Gangstad
Dato: 02.06.2008

Saksframlegg

Gebyr for feieteneste 2008 - andre gongs behandling

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/13	Eldrerådet	09.06.2008
08/39	Formannskapet	10.06.2008
08/37	Kommunestyret	19.06.2008

Forslag til vedtak:

Gebyr for feieteneste 2008 – andre gongs behandling

For feiing annakvart år og for tilsyn kvart fjerde år skal det årleg betalast slikt gebyr ekskl. mva:

- a. vanlege skorsteinsløp (piper) kr. 424,-
- b. fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spersialskorsteiner og anna arbeid utført av feievesentet, timesats kr. 545,-.

Behandling i Eldrerådet - 09.06.2008

Eldrerådet gjekk gjennom saksframlegget.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Eldrerådet - 09.06.2008

Gebyr for feieteneste 2008 – andre gongs behandling

For feiing annakvart år og for tilsyn kvart fjerde år skal det årleg betalast slikt gebyr ekskl. mva:

- a. vanlege skorsteinsløp (piper) kr. 424,-
- b. fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spersialskorsteiner og anna arbeid utført av feievesentet, timesats kr. 545,-.

Samrøystes vedteke.

Behandling i Formannskapet - 10.06.2008

Det vart fremma følgjande forslag til tillegg:

Kommunestyrevedtaket av 08.11.2007 K.sak 07/85 blir oppheva

Det vart fremma følgjande forslag til endring i andre avsnitt pkt. a):

Vanlege skorsteinsløp (piper) kr 399,- pr. pipe

Forslag til vedtak med tilleggsforslag og endringsforslag fremma i møtet, samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 10.06.2008

Kommunestyrevedtaket av 08.11.2007 K. Sak 07/85 blir oppheva

Gebyr for feieteneste 2008 – andre gongs behandling

For feiing annakvart år og for tilsyn kvart fjerde år skal det årleg betalast slikt gebyr ekskl. mva:

- a. Vanlege skorsteinsløp (piper) kr 399,- pr. pipe
- b. fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spersialskorsteiner og anna arbeid utført av feievesentet, timesats kr. 545,-.

Saksutgreiing:

Årsrekneskapen for 2007 viser at Midsund kommune har eit negativt fond på kr. 45 858,- når det gjeld feiing, med dette som bakgrunn vert saka teke opp til ny behandling. Midsund kommune har i dag 772 piper som blir feia, av desse er det ca. 50 piper som er pipe nr. 2 eller fleire på huset. Feiegebyret skal dekkje kostnadane vi har til Molde kommune og administrasjonskostnadane til Midsund kommune. I gjeldande økonomiplan er det ikkje lagt opp til at kommunen skal subsidiere tenesta. Eg viser og til K.sak 07/85 Gebyr for feieteneste 2008 som følgjer vedlagt.

I 1988 gjorde kommunestyret vedtak om at det skulle bli betalt berre eit feiegebyr pr. hus sjølv om huset hadde fleire piper. Tidlegare vart det betalt gebyr for kvar pipe på eigeiendomen, med ein liten reduksjon i gebyret for pipe nr. 2. Bakgrunnen for endringa var at administreringa av ordninga vart for omfattande. Vi betalar full pris for alle piper som blir feia til Molde kommune.

Vurdering:

Det vert lagt fram forslag om å auke gebyret for feietenesta med om lag 4,2 %. I tillegg kjem kr. 38,- pr skorsteinsløp (auka bemanning i feievesenet), kr. 64 221,- underskot i Midsund kommune sitt budsjett 2006 og 2007) og Midsund kommune sine administrasjonskonstnader.

Alt. 1 Feiegebyr der det vert teke inn fullt gebyr for alle skorsteinsløp (piper) som vert feia:

Kr. 424,-

I dette alternativet ligg at abonnentar som har hus med fleire piper må betalte full pris for alle piper som vert feia og som er i bruk.

Alt. 2 Feiegebyr der utgiftene med feiing av ca 50 skorsteinsløp (piper) vert fordelt på alle:

Kr. 455,50

I dette alternativet ligg at abonnenten som har hus med fleire piper berre betalar gebyr for feiing av ei pipe og utgiftene med feiing av pipe nr. 2 og fl. vert fordelt på alle abonnentar.

Det mest vanlege er at private bustadhus med fleire piper, har to piper. I Midsund kommune har det dei seinare år blitt bygd bustadbygg med fleire leiligheter. Dette gjer at antal piper som blir fordelt på alle abonnentar har auka litt. Dersom abonnenten ikkje brukar pipe nr. 2 i bustaden kan feiarmesteren plombere ilegg i ovnen og abonnenten slepp gebyr. Tidlegare måtte ein mure igjen inntaket til røykrøyret. Feiarmeisteren har god oversikt over kven som har fleire piper og etter vår vurdering vert det lagt fram forslag om at alt. 1 som det alternativet som vil falle best ut for dei fleste.

Med bakgrunn i ovannemnde vil eg rå til at det vert fastsett slikt gebyr ekskl. mva:

- a. vanlege skorsteinsløp (piper) kr. 424,-
- b. Fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spersialskorsteiner og anna arbeid utført av feievesenet, timesats kr. 545,-.

Gunnar Kvalsund
rådmann

Oddny Grete Gangstad
saksbehandlar

Vedlegg (prenta): K.sak 2007/85 Gebyr for feieteneste 2008

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Økonomiavdelinga



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2007/640-5
Arkiv: 231
Saksbeh: Oddny Grete Gangstad
Dato: 04.06.2008

Saksframlegg

Gebyr for renovasjon og slamtømming 2008 – andre gongs behandling

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/14	Eldrerådet	09.06.2008
08/40	Formannskapet	10.06.2008
08/38	Kommunestyret	19.06.2008

Forslag til vedtak:

Med heimel i Forureiningslova § 34, blir gebyr for renovasjon 2008 og gebyr for slamtømming 2008 vedteke slik det går fram av vedlegg ”*Gebyr for renovasjon 2008, andre gongs behandling og Gebyr for slamtømming 2008, andre gongs behandling.*”

Behandling i Eldrerådet - 09.06.2008

I innkallinga vart det opplyst at saka skulle bli ettersendt. Administrasjonen fekk ikkje ferdig saka til eldrerådsmøtet. Eldrerådet får difor ikkje gjort vedtak i saka før kommunestyret tek avgjerd i saka.

Eldrerådet får saka som referatsak i neste møte.

Vedtak i Eldrerådet - 09.06.2008

Behandling i Formannskapet - 10.06.2008

Det vart fremma følgjande forslag til tillegg:

Kommunestyrevedtaket av 13.12.2007 K.sak 07/115 blir oppheva.

Forslag til vedtak med tillegg av forslag fremma i møtet, samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 10.06.2008

Kommunestyrevedtaket av 13.12.2007 K.sak 07/115 blir oppheva.

Med heimel i Forureiningslova § 34, blir gebyr for renovasjon 2008 og gebyr for slamtømming 2008 vedteke slik det går fram av vedlegg ”*Gebyr for renovasjon 2008, andre gongs behandling og Gebyr for slamtømming 2008, andre gongs behandling.*”

Saksutgreiing:

Renovasjon:

Årsrekneskapen for 2007 viser at Midsund kommune har eit positivt fond på kr. 247 391,- når det gjeld renovasjon, med dette som bakgrunn vert saka teke opp til ny behandling. Viser og til K.sak nr. *Gebyr for renovasjon og slamtømming 2007*, saka følgjer vedlagt. Midsund kommune skal etter abonnementstala for renovasjon betale kr. 1 786 219,- i driftstilskot til RIR i 2008. Eit standard RIR abonnement kostar kr. 1 872,-. Dette er ei stigning i underkant av 6%. I tillegg kjem netto kommunalt påslag 1,7 %. Prisen for eit standard renovasjonsabonnement i Midsund kommune vert då kr. 1 904,-. (kr. 1 994,- i 2007).

Vi har ved utrekning av abonnementsprisen for Midsund kommune brukt kr. 200 000,- av det opparbeidde fondet. Det vil sei at det no står igjen kr. 47 391,- på fondet. I og med at vi no brukar opp fondet må vi rekne med at abonnementsprisen for 2009 vil kome opp på normalt nivå.

Slamtømming:

For 2007 viser årsrekneskapen at Midsund kommune har eit negativt fond på kr. 323 386,- når det gjeld privat slamtømming. Rekneskapet for slam vil aldri gå i null i og med at vi forskotterar betalinga. Situasjonen pr. 01.01.08 er at roden heile Otrøya utanom Akselvoll, Ugelvik, Bukta, Raknes, Orvik og Tangen er ajour med betalinga. Roden Akselvoll, Ugelvik m.m. vert ajour med betalinga for siste tømning 01.07.08. Heile Midøya og Dryna vert ikkje ajour med betalinga for siste tømning før 01.01.09. Vi har no gått igjennom alle tal både antal tankar og betaling, etter våre utrekningar har vi no eit reelt negativt fond på om lag kr. 100 000,-. RIR legg opp til ein auke i gebyra på om lag 6%. For tømning av ein slamavskiljar på inntil 6 m³, vil gebyret frå RIR vere 1 383,-. Dersom vi no velje å få underskotet i balanse, vil det kommunale påslaget bli kr. 411,- (krone påslag pr. tank) i 2008.

Vurdering:

Renovasjon:

Etter auken i driftstilskotet frå RIR legg rådmannen fram forslag om at eit standard abonnement renovasjon blir kr. 1 904,- i 2007 inkl. netto kommunalt påslag.

Slamtømming:

Etter satsane frå RIR for slamtømming legg rådmannen fram forslag om å auke gebyret til kr. 1 794,- for slamavskiljarar inntil 6 m³ inkl. netto kommunalt påslag og det negative fondet. Tømming av tankane skjer i hovudsak kvart andre år for bustadhus, og det årlege gebyret blir difor kr. 897,- i 2009.

Med bakgrunn i budsjettet frå RIR og tala for abonnement i Midsund kommune innafor renovasjon og slamtømming, vil eg rå til at ”*Gebyr for renovasjon 2008, andre gongs behandling og Gebyr for slamtømming 2008, andre gongs behandling*”, vert vedtek slik dei ligg føre.

Gunnar Kvalsund
rådmann

Oddny Grete Gangstad
saksbehandlar

Vedlegg (prenta): K.sak m/gebyrsatsane for renovasjon og slam, vedtek i møte
Gebyrsatsane for renovasjon og slam 2007

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: RIR
Økonomiavdelinga



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/349-2
Arkiv: U62
Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen
Orvik
Dato: 13.06.2008

Saksframlegg

Revidering av konsesjonsvilkår for film og videogramfilm i Midsund kommune.

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/39	Kommunestyret	19.06.2008

Forslag til vedtak:

Konsesjonsvilkår for video i Midsund kommune gjeldande frå 16.09.1998 opphevast.

Nytt reglement for Konsesjonsvilkår for film og videogram i Midsund kommune godkjennast slik dei ligg føre, med verking frå 19.06.2008.

Saksutgreiing:

Retningsliner for kommunale konsesjonsvilkår for film og videogram blei vedtekne av Kommunestyret i KS-sak 98/ 073. Disse er Midsund kommune sin praktisering av lov om Film og videogram av 15.mai 1987, der sal og utleige av film og videogram er underlagt konsesjonsplikt.

Sidan siste runde med konsesjonsbehandling i 2004 har kommunen omorganisert politisk styresystem, og vi har ikkje lengre oppvekst- og kulturutval. For at retningslinene skal vere i samsvar med vår politiske organisering, må Kommunestyret gje Formannskapet denne delegasjonen.

Punkt 2 i kommunale retningslinjer vert då endra til "I Midsund kommune har Formannskapet fått fullmakt til å gje slikt løyve".

Like så må punkt 3, første ledd endrast frå Oppvekstutvalet til Formannskapet som konsesjonsgjevar, og ankeinstans vert endra frå Formannskapet til Kommunestyret. Vidare vert Formannskapet ny kontrollinstans, og kan kome med innstilling i spørsmål som vedkjem verksemda til dei som har fått konsesjon.

Siste ledd i punkt 3 endrast tilsvarande til at det er Formannskapet som kan trekkje attende konsesjon om konsesjonshavar ikkje rettar seg etter reglane i lov, forskrifter og konsesjonsvilkår.

Vurdering:

Dei føreslåtte endringar er i samsvar med politiske struktur, og gjer at konsesjonsreglane samsvarar med organisasjonskartet. Ingen av dei føreslåtte endringar er av politisk karakter i form av skifte i politisk kurs eller føringar til administrasjon.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Gunnar Kvalsund
rådmann

Ann-Heidi Paulsen Orvik
rådgjevar

Vedlegg (prenta):

Gjeldande reglement frå 16.09.1998, godkjent i KS-sak 98/ 073.
Forslag til nytt reglement frå 19.06.2008.

Vedlegg (uprenta): Lov om film og videogram av 15.05.87

Særutskrift går til:

Midsund Kro AS, 6475 Midsund.
Midøy Bilverksted v/Statoil Midsund, 6475 Midsund.
Neste AS, 6475 Midsund.



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2007/756-5

Arkiv:

Saksbeh: Gunnar Kvalsund

Dato: 13.06.2008

Saksframlegg

Biblioteklokale

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/40	Kommunestyret	19.06.2008

Forslag til vedtak:

Kommunestyret gir rådmann i oppgave å framforhandle ei avtale med Midsund IL om leige av omtrentlig 150 m² i idrettshallen for bruk til bibliotek. Leigeavtalen bør gjerast for 3 år, med opsjon på ytterlegare 2 år.

Saksutgreiing:

Biblioteket – vurdering av nytt biblioteksbygg i tilknytning til Midsund skule

Noverande bibliotek er lokalisert i idrettshallen, der kommunen leiger lokaler. Etter at samarbeidsavtale mellom kommunen og idrettslaget gikk ut – der kommunen dekte lånekostnader for idrettshallen, mot gratis leie av lokalitetar for biblioteket, er det satt fram krav om årlig husleige på kr 180.000.- Kommunen synes at husleige pr år er forholdsvis høg, og sett i lys av den økonomiske situasjonen i kommunen, er leigeavtalen oppsakt pr 30.6.08

Midsund skule har meldt stor interesse for å knytte biblioteket til skulen – for å få et bedre tilbod til elevane – då noverande skulebibliotek er heller lite attraktivt. Skulen ser også stor verdi i det å få knytte ein slik funksjon til skulen, og på denne måten, saman med blant anna publikumsåpent i bassenget, gjere skulen og skuleområdet meir åpent og i bruk av alle i Midsund.

Skulen har også sett på at hvis en kunne knytte et tilbygg inn mot storsalen, så kunne denne salen også brukes som publikumsareal og også leseplass i åpningstidene for biblioteket, uten at dette forringa bruksverdien for storsalen i høve til anna bruk. Ei slik tilknytning av et tilbygg kunne også gi innsparingar på bruksareal for biblioteket, i det ein kunne bruke nemnte areal til leseplass, men også bruke skulen sine toalettfasiliteter, inngangsparti, m.v.

Eit anna poeng som skulen fremhever er at ei slik løysing også ville gi betre tilhøve for personalet ved biblioteket, der vedkommende kunne ha tilgang til personalrom og få ei kollegial tilknytning til det øvrige personalet ved skulen. Skulen ser også potensialet i at den funksjonen ein i dag har for skulebibliotek, kan leggest inn i eit slikt offentleg bibliotek.

Fylkesbiblioteket har også vært i kontakt med kommunen. De ser med bekymring på situasjonen. De ser også den vanskelege økonomiske situasjonen som kommunen er i, men påpeiker at kommunen er pålagt å ha eit offentleg bibliotek. Kommunen er også pålagt å ha ein godkjent kvalifisert leiar av biblioteket, noko kommunen no gjennom fleire år har fått dispensasjon ifrå. Representantar for fylkesbiblioteket har også vore på besøk og fått presentert ideen om ei tilknytning til skulen. De bifaller ideen og vil være med å støtte opp om ei slik etablering. I dette ligger også eit mulig utsagn om samarbeide for å få på plass kvalifisert leing av biblioteket og tiltak for å vidareutvikle biblioteket i Midsund.

For å vurdere den kostnadmessige delen av ei slik eventuell flytting av biblioteket, vil dette være i første rekke ei vurdering av den kostnad ein ser i dag, ved noverande krav på leige, og kva ei eventuell utbygging/tilknytning av nytt bygg til Midsund skule vil utgjere av kapitalkostnader. Sjølv om ein kanskje kan sjå innsparingar på driftskostnadene ved ei slik sammenslåing, er ikkje dette utredet. Men sannsynlig vil driftskostnadene bli lavere pga av mindre areal på biblioteksdelen. Driftskostnadene for biblioteket for 2007, 2510 og 4160, utgjorde til sammen kr 341870.- Budsjettposten for tilsvarende er for 2008 på kr 447.000.- Det er då innlagt kr 50.000.- i husleigekostnader.

Frå Vidar Kursetgjerde, ansvarlig for biblioteket i Ålesund har vi fått oversendt en vurdering av areal for biblioteket i Midsund. Det vert her operert med et samla areal på rundt 250 m2. Ved ei kobling mot eksisterande bygningsmasse ved ungdomskulen, der ein kan bruke eksisterande areal som skissert ovanfor, kan vi minke dette behovet. Vi har innhentet vurdering på pris på et bygg på 150 m2, inkl. montering og tilrettelegging og ventilasjon. Pris på dette kr 1.500.000.-

Driftsutgifter pr år for eit slikt låneopptak:

Lånefinansiert 40 år (rente 6,5%)	kr 97.500.-
Avdrag	<u>kr 37.500.-</u>
Årleg kostnad:	<u>kr 135.000.-</u>

Den årlige kostnadene på noverande leigeforhold er til samanlikning oppgitt til kr 180.000.-

Hvis ein skulle makte å gjennomføre dette straks, vil det også få følgande driftskonsekvens i 2008, med effekt fra 1.10.08

Rentekostnad	kr 24.375.-
Avdrag	kr 9.375.-
Momskompensasjon	- <u>kr 300.000.-</u>
Driftskonsekvens i 2008:	- <u>kr 266.250.-</u>

Vurdering:

Reint "faglig" sett vil eit nybygg knytt til ungdomsskulen være det ein burde gjere som tiltak i denne situasjonen. Det ville sannsynlig gi eit bedre bibliotekstilbud og ein vil oppnå innsparing. Vurderinga vil likevel være om det er ei god løysing å no satse på nye investeringar, i ei tid då det er svært stor usikkerheit og utfordringar rundt den økonomiske situasjonen for kommunen. Det kan være investeringar som vil være formålstjenlig å ta uansett, veinga vert om det er dette tiltaket det er viktig å satse på.

Når rådmannen finn å anbefale ei løysing der ein går i dialog med Midsund IL, for å få fram ei avtale der ein leiger omtrent halvparten av det lokalet ein no leiger, så er det for å gi innsparing i ein trong kommunal økonomi. Sjølv om mange har meiningar om at det er langt fram for planlegging av større skule i Midsund, - der ein plasserer inn biblioteket - så må den anbefalte løysinga for biblioteket no være ei kortsiktig løysing, noko også leigetida indikerer.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Gunnar Kvalsund
rådmann

Vedlegg (prenta):**Vedlegg (uprenta):****Særutskrift går til:**



Midsund kommune
Personalkontoret

Arkivsak: 2008/358-1
Arkiv: 411
Saksbeh: Frank Westad
Dato: 13.06.2008

Saksframlegg

Tilsetjing av rådmann

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/41	Kommunestyret	19.06.2008

Forslag til vedtak:

Saksutgreiing:

Vurdering:

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Frank Westad
Personalsjef

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: